

Bergen, 28.08.16

Søknad Folkemusikk Ung

Eg, Borghild Marie Opdahl (f. 27.05.87), søker på Folkemusikk Ung stipend for å fordjupe meg i folkedans frå Hordaland.

Eg starta å danse i Bergen ul Ervingen som born. I 2005 deltok eg på instruktørkurs i regi av Noregs Ungdomslag, og har sidan vore ein allsidig instruktør for alle aldersgrupper og nivå. Eg har lært nybegynnalar runddansteknikk, seniorar turdans, skuleborn songleikar og ungdommar bygdedansar. Men mest av alt håpar eg at eg har spred dansegledet! Ein stor interesse for folkedans har ført til at eg har tatt studium innan feltet og nytta meg av kurs moglegheiter. I tillegg til å vere instruktør har eg også hatt ei rekke verv, både lokalt, regionalt og nasjonalt, og såleis arrangert mange kurs og samlingar.

Mitt formål med eit stipend er å utvikle meg som dansar og instruktør, gjennom å få større kunnskap om tradisjonen. Hordaland har ein mangfoldig tradisjon, og variasjonar gjer grunnlag for nyskaping, både på golvet og scena.

Stipendet vil i stor grad bli nytt til å kunne reise; for å sjå opptak, treffe kjelder og oppleve ulike dansegolv. Gjennom tidlegare studiar av folkedans, har eg tileigna meg kunnskap som er naudsynt for ei slik tilnærming til dans. Det er særleg to dansar eg er nyfiken på å fordjupe meg i; Vestlandsspringar og polka med støt.

Vestlandssringaren blei satt saman av Einar Bø i Bergen på starten av 1900 –talet, med utgangspunkt i tradisjonane til dei som hadde flytta til Bergen. Dansen har som andre tradisjonsdansar utvikla seg i ulike retningar gjennom forskjellege lærermeistrar, mellom anna Rasmus Lone og Herman Olsen. Gjennom åra har mange gode dansarar nytta dansen, og nokre av desse er filma. Eg ynskjer å oppsøke arkiv for å analysere og tilegne meg materialet. Siri Mæland har skrive mastergrad om Vestlandsspringaren(1). Ho er villig til å dele erfaringar, sjå og diskutere materiell, mellom anna det som er tilgjengeleg ved Senter for folkedans og folkemusikk i Trondheim, der ho arbeidar. Senteret er også interessert i at ein systematiserer det ein har av kjelder til dansen og gjer eit overblikk over dansen. I tillegg er det dansarar i Bergen som framleis har stor kjennskap til dansen, og som kan gje meg verdifull informasjon om utøvinga av dansen. Samstundes er det naudsynt å ta eit tak for å føre dansen vidare. Eit fokus på kvalitetar og variasjonar kan bidra til eit løft for dansen.

Eg vil gjerne slå eit slag for rundansane! Ein god runddans krev høg presisjon i utføringa og kvalitet i dei små detaljane. Særleg er eg interessert i den lokale tilnærminga til polka med støt i fylket og endringar over tid. Eg vil undersøke om det er tydelege skiljelinjer mellom den og masurka, eller om det er glidande overgangar. Det vil vere spennande å undersøke korleis desse forskjellane heng saman med musikken. Arve Berg, musikalsk leiar i spelmannslaget Fjellbekken, har stor kunnskap om den aktuelle musikken og har sagt seg villig til å dele av denne. Det er også interessant å sjå korleis forskjellane kjem til syne i turdansar.